

---

Saksnr: 2021/2528-1  
Saksbehandlar: Anne Silje Sylvarnes

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		17.02.2021

## Handlingsplan reiseliv 2021

Forslag til vedtak

Hovudutval for næring godkjenner handlingsplan reiseliv for 2021.

Samandrag

Gjennom handlingsplan reiseliv Vestland 2021 utdjuar vi vår planlagde reiselivsinnsats for 2021.

Reiseliv er ei av dei viktigaste næringane i Vestland. Året 2021 blir eit spesielt år for reiselivet grunna korona-pandemien, slik som 2020 var. Vi tek med oss intensjonane og retninga som er staka ut i eksisterande planar, og dannar oss eit godt grunnlag for ei meir langsiktig satsing inn i framtida. I dokumentet Handlingsplan reiseliv Vestland 2021 legg vi fram kva som vil setje sitt preg på reiselivsarbeidet i fylket i 2021. Handlingsplanen er naturleg nok prega av den vanskelege stoda i samband med korona-pandemien, men vi må samtidig tenke langsiktig og legge til ei rette for ei omstilling der vi strekkjer oss etter visjonen attraktivitet gjennom berekraft. I denne handlingsplanen prøver vi å balansere denne tilnærminga.

Bård Sandal  
Fylkesdirektør

Endre Høgalmen  
Seksjonssjef naturressursar, landbruk  
og reiselivj

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Reiselivssatsinga i Vestland

I dokumentet handlingsplan for reiseliv i Vestland 2021 legg vi fram kva som skal setje sitt preg på reiselivsarbeidet i fylket i 2021.

Regjeringa gav Innovasjon Norge i oppdrag å arbeide fram ein ny nasjonal strategi for reiseliv som skulle vere klar til 2021. Grunna korona-pandemien er arbeidet forseinka og strategien er forventa klar i mars 2021. Denne strategien vil vere med å legge føringar og danne grunnlag også for Vestland sitt arbeid med reiseliv, saman med Scenarioprojekt for reiseliv Fjord Norge 2030. Innovasjon Norge har forsikra oss om at handlingsplanen er i tråd med dei føringar som kjem i den nasjonale strategien for reiseliv som skal vere klar i mars i år.

Reiseliv er ei av dei viktigaste næringane i Vestland. Vi har eit velfungerande samarbeid på tvers av partnerskapen og destinasjonsselskapa og Fjord Norge på dette området. Vi har møteplassane Reiselivsforum Vestland og Destinasjonsgruppa. Her møtest reiselivsorganisasjonane og fylkeskommunen til gjensidig oppdatering og utveksling av informasjon, samråding og samordning av reiselivsinnsatsen. Vi har konkrete planar for innsats som vi ynskjer å arbeide vidare med, slik som destinasjonsutvikling, besøksforvaltning og innsats innan mat, kultur og reiseliv. Handlingsplan for reiseliv Vestland 2021 er eit kortfatta dokument, meint som ei rettesnor for 2021.

Vi skal fremme ei omstilling og utvikling innan reiselivet i tråd med visjonen attraktivitet gjennom berekraft. Det er ikkje til å unngå at også 2021 vil bli sterkt prega av korona-pandemien. Reiselivsnæringa er særskilt hardt råka og det er framleis naudsynt med særskilte tiltak. Alle planar og tiltak må sjåast i samheng med den innsatsen som blir sett inn for å motverke verknaden. Samtidig må ein halde fram å tenke langsiktig, slik at ein er rusta til å ta opp att tråden når krisa er over. Og vi har ei stor oppgåve framfor oss med å legge til rette for omstilling og utvikling av eit berekraftig reiseliv.

Vi har hatt eit godt samarbeid med Innovasjon Norge og Statsforvaltaren i samband med utarbeiding av denne handlingsplanen. Også destinasjonsselskapa har fått sett over handlingsplanen og hatt høve til å kome med tilbakemeldingar. Og det meste av det som er omtalt i handlingsplanen er tidlegare drøfta med destinasjonsselskapa, Fjord Norge med fleire.

Deler av handlingsplanen er naturleg nok prega av den vanskelege stoda i samband med korona-pandemien. Samtidig må vi tenke langsiktig omstilling, og gjennom handlingsplanen prøver vi å balansere desse tilnærmingane. Det vert teke atterhald om finansiering av nokre av tiltaka, som må ha ei finansieringsløyising før dei vert sett i gong.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring har vedtakskompetanse jf. delegeringsreglementet.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Handlingsplanen er retningsgjevande for korleis Vestland skal legge til rette for verdiskaping i reiselivsnæringane. Det vert teke atterhald om finansiering av nokre av tiltaka, som må ha ei finansieringsløyising før dei vert sett i gong.

**Klima:** Klima og berekraft står særst sentralt i den vidare reiselivsinnsatsen.

**Folkehelse:** Satsinga på reiseliv fremmar arbeid og sysselsetting, som også er viktig i eit folkehelseperspektiv.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Handlingsplan for reiseliv omhandlar innsats i 2021, som er i samsvar med sentrale føringar i utviklingsplanen.

Konklusjon

Handlingsplan reiseliv Vestland 2021 vert førande for innsatsen utover i 2021. Vi må imidlertid rekne med justeringar der vi tilpassar oss den framtidige utviklinga kring korona-situasjonen.